



VOLDA KOMMUNE

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2009/1707	9607/2009	U60	SVK/ AKE	21.12.2009

MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I ALKOHOLLOVA

Vi melder med dette frå at Kommunestyre den 17.12.2009, hadde føre ovannemnde som sak 96/09, der det vart gjort slikt vedtak:

Volda kommune er positive til endringsforslaga, og har fylgjande merknader utover det som er formulert i høyringsdokumenta:

- 1. Volda kommune ønskjer, som høyringsdokumentet seier, at alkohollova sine maksimaltider vert innskrenka med ein time.*
- 2. Volda kommune er positiv til at det vert oppretta ei prøveordning for inndraging av bevilling på staden. Ein føreset då detaljerte forskrifter i alkohollova, herunder kva for brot som kvalifiserer til inndraging på staden.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Anne-Karin Egseth
sekretær

Kopi til:
Bente Engeseth

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Anne-Karin Egseth

Arkivsak nr.: 2009/1707

Arkivkode: U60

Utvalsaksnr Utval

Møtedato

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I ALKOHOLLOVA

Handsaming:

KRF v/Håvard Strand kom med fylgjande framlegg:

1. *Volda kommune er positiv til mange av endringsforslaga i høyringsdokumentet.*
2. *Volda kommune ønskjer, som høyringsdokumentet seier, at alkohollova sine maksimaltider vert innskrenka med ein time.*
3. *Volda kommune er positiv til at det vert oppretta ei prøveordning for inndraging av bevilling på staden. Ein føreset då detaljerte forskrifter i alkohollova, herunder kva for brot som kvalifiserer til inndraging på staden.*

Røysting:

KRF v/Håvard Strand sitt framlegg til pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

KRF v/Håvard Strand sitt framlegg til pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå driftsstyret med endringa "fylgjande" i staden for "ingen" vart samrøystes vedteke. KRF sitt pkt. 1 fall då tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2009

Volda kommune er positive til endringsforslaga, og har fylgjande merknader utover det som er formulert i høyringsdokumenta:

1. *Volda kommune ønskjer, som høyringsdokumentet seier, at alkohollova sine maksimaltider vert innskrenka med ein time.*
2. *Volda kommune er positiv til at det vert oppretta ei prøveordning for inndraging av bevilling på staden. Ein føreset då detaljerte forskrifter i alkohollova, herunder kva for brot som kvalifiserer til inndraging på staden.*

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 25.11.2009

Volda kommune er positive til endringsforslaga, og har ingen merknader utover det som er formulert i høyringsdokumenta.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune er positive til endringsforslaga, og har ingen merknader utover det som er formulert i høyringsdokumenta.

Vedleggsliste:

Høringsnotat 23. september 2009

Uprenta saksvedlegg:

Høringsnotat 23. september 2009

<http://www.regjeringen.no/pages/2243249/Høringsnotat%20200904256.pdf>

Høringsnotat 2. november 2009-11-18

<http://www.regjeringen.no/pages/2261665/Høringsnotat.pdf>

Alkohollover

<http://www.lovdata.no/all/nl-19890602-027.html>

Forskrift til alkohollover

<http://www.lovdata.no/for/sf/sf-19890602-027.html>

Forskrift om opningstid/skjenketid for serverings-/skjenkestadar for Volda kommune

http://www.volda.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/558/epdd_id/424

Samandrag av saka:

Helse- og omsorgsdepartementet har ute invitasjon til høyring om forslag til endringar i alkohollovgevna. Landets kommunar står på høyringslista.

Høyringsnotatet inneheld forslag om at alkohollover sine maksimaltider for skjenking vert innskrenka med ein time. Videre vert det foreslått å opne for sal i eiga verksemd av eigenprodusert alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol.

Det vert foreslått endringar i auksjonsforbodet som følgje av at det er trong for å tilrettelegge for lovlege kanalar for omsetning av allerede omsatt alkoholhaldig drikk. Det foreslås difor at alkoholhaldig drikk kan auksjoneras bort mellom private i regi av Vinmonopolet.

Vidare har utviklinga generelt og flere konkrete saker nødvendiggjort vurderingar knytt til mulegheit for raskare og strengare reaksjon når brot på sals- og skjenkeløve vert avdekt ved kontroll.

Høyringsnotatet inneheld også forslag til ei rekke mindre endringar.

Saksopplysningar:

Med jamne mellomrom oppstår det behov for å foreta justeringar i lovgjevnaden. Dei siste endringane i alkohollova tredde i kraft i 2005.

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i denne høyringa endringar i alkohollova med tilhøyrande forskrifter og i vinmonopolloven på følgjande områder:

1. *Alkohollovens maksimaltider for skjenking foreslås innskrenket med en time*
2. *Kontroll- og reaksjonsbestemmelsene vurderes, og det skisseres en mulig prøveordning for inndragelse av bevilling på stedet*
3. *Det foreslås å åpne for salg i egen virksomhet av egenprodusert alkoholholdig drikk som inneholder inntil 4,7 volumprosent alkohol*
4. *Det foreslås å tillate auksjon av alkoholholdig drikk mellom private i regi av Vinmonopolet. Videre foreslås det å oppheve forbudet mot auksjon av alkoholholdig drikk mellom næringsdrivende*
5. *Bevillingsgebyrene foreslås justert*
6. *Aldersbestemmelsene foreslås presisert og unntaket for fagbrev foreslås utvidet*
7. *Det foreslås å fastsette unntak fra tvisteloven § 1-5*
8. *Endringer knyttet til statistikkinformasjon foreslås*
9. *Tilgjengelighet til salgs- og skjenkesteder vurderes*
10. *Vinmonopolloven § 12 foreslås endret*
11. *Innarbeiding av alkoholforskriftens gruppebetegnelser på alkoholholdig drikk i alkoholloven foreslås*
12. *Endringer knyttet til betegnelsen flaske og til mengdeangivelser foreslås*

Samt endringar som følgje av at Helsedirektoratet har skiftet namn (tidlegare Sosial- og helsedirektoratet).

Kommentarar til endringsforslaga og korleis dei vil/kan ha innflytelse i Volda

Pkt. 1

(Sjå Høyringsnotat pkt. 2, s. 8)

”Maksimaltider for skjenking av alkoholholdig drikk - Kort om forslaget:

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår at alkohollovens maksimaltider for skjenking av alkoholholdig drikk innskrenkes med en (1) time, slik at skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 3 blir forbudt mellom kl. 02.00 og 13.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk blir forbudt mellom kl. 02.00 og 06.00. ”

Maksimaltidene som gjeld i dag er:

Skjenking av alkoholholdig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir er forbode mellom kl. 03.00 og 13.00 anna alkoholholdig drikk er forbode mellom kl. 03.00 og 06.00.

I Volda

I forskrift for Volda kommune er tidene regulert innanfor det nye forslaget. I praksis er det sjeldan det vert gitt maksimaltid, fram til kl. 03.00. Det vert gitt nokon gongar når det vert søkt om det, i samband med løyve for einskildhøve, eller ved ambulerande løyve.

Store arrangement, som t.d. dokumentarfilmfestivalen fekk ikkje innvilga søknaden som omsøkt, fram til kl. 03.00, men fram til kl. 02.00.

Pkt. 2

(Sjå Høyringsnotat pkt. 3.7, s. 19)

Inndraging av løyve ved kontroll av kontrollørar.

Dette skal kommunen sjølv kunne vurdere om det er behov for. Det skal leggjast vekt på opplæring av kontrollørar og Helsedirektoratet skal godkjenne desse.

Jf. gjeldande alkohollov er det berre politiet som kan stenge sals- og skjenkestadar dersom det er nødvendig for å hindre av ro og orden, ivareta einskildpersonars eller ålmenta si sikkerheit eller stoppe lovbrøt. Slik bemanninga er hjå politiet, kan det ofte ta lang tid før dei rekk å komme til ved behov.

Pkt. 3

(Sjå Høyringsnotat pkt. 4, s. 27)

Forslag om å opne for eigenprodusert alkoholhaldig drikk inntil 4.7 volumprosent alkohol. Det vil medføre krav om meir kontrolltiltak.

Pkt. 4

(Sjå Høyringsnotat pkt. 5, s. 35)

Ingen merknad.

Pkt. 5

(Sjå Høyringsnotat pkt. 6, s. 39)

For Volda:

Ingen konsekvens, då gebyrendringane gjeld tilvirkning av alkoholhaldig drikk. Vi har pr. dags dato ingen som tilverkar alkohol.

Ikkje endringsforslag til dei faste gebyra for løyve av sal eller skjenking. Heller ikkje for gebyr for omsett mengde alkoholhaldig drikk.

Pkt. 6

(Sjå Høyringsnotat pkt. 7, s. 45)

Unntak frå alderskravet for dei med fagbrev skal verte utvida til fleire relevante fagbrev.

Det skal presiserast i lova at aldersbestemmingane også gjeld alkoholsvar drikk.

Det viser seg stadig at dette ikkje er tydeleg nok i lovteksta.

Heilt tydeleg trend ved gjennomføring av kunnskapsprøve etter alkohollova. Dette har ikkje dei tilsette i daglegvarebutikkane lært.

Pkt. 7

(Sjå Høyringsnotat pkt. 8, s. 47)

Forslag om unntak frå tvistelova §1 -5 om kven søksmål om gyldigheita om forvaltningsvedtak skal rettast mot, slik at søksmål kan rettast mot kommunen.

Endringsforslag pga. endring i tvistelova og etter tilråding om at eventuelle unntak bør fastsetjast i spesiallovgjevnad.

Denne endringa er fordi kommunane har og skal fortsette å ha stor alkoholpolitiske fridom, tilpassa lokale forhold.

Ingen merknad.

Pkt. 8

(Sjå Høyringsnotat pkt. 9, s. 50)

Det har sidan 1989 blitt gjennomført ei undersøking om kommunanes forvaltning av alkohollova der kommunane er oppmoda om å svare. Det er no forslag om **plikt** for kommunane til å gje informasjon. Gjennom SIRUS eller alternativt KOSTRA.

Nyttig og viktig datagrunnlag for å sjå utviklinga og som grunnlag for rusmiddelpolitiske handlingsplanar.

Pkt. 9

(Sjå Høyringsnotat pkt. 10, s. 51)

Forslag om å regulere skjenkestadar slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem til.

Ingen merknad

Pkt. 10

(Sjå Høyringsnotat pkt. 11, s.51)

Ingen merknad.

Pkt. 11

(Sjå Høyringsnotat pkt. 12, s. 52)

Definisjon av alkoholhaldig drikk skal innarbeidast i alkohollova, slik at forskrift og lov brukar same omgrep.

Ingen merknad.

Pkt. 12

(Sjå Høyringsnotat pkt. 13, s. 53)

Ingen merknad.

Vurdering og konklusjon:

Dei fleste endringsforslaga er justeringar og forbetringar. Det er behov som har meldt seg ved praktisering av forvaltning av alkohollova og forskrifter. Lovtekster som er uklare og/eller kan misstolkas vert presisert eller omformulert.

Det vert foreslått redusert maksimaltid, frå kl 03.00 til kl. 02.00. Det er unntaksvis at det blir gitt skjenketid fram til maksimaltida i Volda kommune. Endringsforslaget vil difor ikkje ha stor innverknad på forvaltninga av alkohollova i Volda kommune.

Skjerpa kontroll vil truleg vere med på å bidra positivt til meir ansvarlege sals- og skjenkestadar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Kortare maksimaltid saman med styrking av kommunanes kompetanse på handsaming av alkoholpolitiske saker, løyve og kontroll, vil bidra positivt til ein meir ansvarleg rusmiddelpolitikk. Vonleg vil dette også føre til mindre skadeleg rusmiddelbruk hjå innbyggjarane.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert.

.....

Jarle B Krumsvik

leiar servicekontoret



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans: